2013

# HEMSEDAL KOMMUNE



TERTIALRAPPORT

2/2013

## HEMSEDAL KOMMUNE - TOTALOVERSIKT

| Hemsedal kommune<br>Total 2 tertial 2013 | Regnskap<br>2013 | Per.b(end)<br>2013 | Avvik(per.)<br>0 | Regnskap<br>2012 | Per.b(end)<br>2012 | Avvik(per.)<br>0 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| LØNN OG SOSIALE KOSTNADER | 77 595 343 | 72 685 302 | 4 910 041 | 70 031 901 | 68 345 805 | 1 686 096 |
| KJØP AV VARER/TJENESTER SOM | 16 008 895 | 17 569 667 | -1 560 773 | 15 497 204 | 17 343 667 | -1 846 463 |
| KJØP AV TJENESTER SOM ERSTAT | 17 742 527 | 22 427 083 | -4 684 556 | 14 781 124 | 15 777 334 | -996 210 |
| OVERFØRINGSUTGIFTER | 7 104 942 | 11 030 500 | -3 925 558 | 9 220 354 | 8 856 000 | 364 354 |
| FINANSUTGIFTER | 7 833 310 | 9 766 000 | -1 932 690 | 12 649 590 | 9 856 900 | 2 792 690 |
| **Sum utgifter** | **126 285 017** | **133 478 553** | **-7 193 536** | **122 180 173** | **120 179 705** | **2 000 467** |
| | | | | | | |
| SALGSINNTEKTER | -16 620 500 | -14 401 067 | -2 219 433 | -14 279 899 | -17 372 000 | 3 092 101 |
| REFUSJONER | -10 931 858 | -9 876 667 | -1 055 192 | -8 726 999 | -8 386 000 | -340 999 |
| OVERFØRINGSINNTEKTER | -94 031 533 | -94 639 333 | 607 801 | -88 346 505 | -90 706 767 | 2 360 262 |
| FINANSINNTEKTER OG FINANSIEI | -8 559 728 | -9 275 333 | 715 606 | -13 624 892 | -13 323 233 | -301 659 |
| **Sum inntekter** | **-130 143 618** | **-128 192 400** | **-1 951 218** | **-124 978 295** | **-129 788 000** | **4 809 705** |
| | | | | | | |
| **T O T A L T** | **-3 858 602** | **5 286 152** | **-9 144 754** | **-2 798 123** | **-9 608 295** | **6 810 172** |

Tabellen over viser totaloversikten for Hemsedal kommune akkumulert pr. andre tertial. Totaloversikten viser det samla resultatet frå dei forskjellige etatane; sentraladministrasjon, kultur og oppvekst, helse og sosial, pleie og omsorg, og teknisk. Pr 2. tertial viser resultatet for Hemsedal kommune eit netto mindreforbruk på kr. 9,1 mill. Avvik i forhold til budsjett blir forklart under kvar enkelt etat. Lønskostnadar og kjøp av tenester innanfor Teknisk sektor (brøytekostnadar og Hallingdal renovasjon) ligger over budsjett og gjer at prognose for rekneskapsmessig overskot blir litt mindre enn budsjettert overskot på kr. 3,8 mill.

## SENTRALADMINISTRASJONEN

| | Sentraladministrasjonen<br>2. tertial | Regnskap<br>2013 | Per.b(end)<br>2013 | Avvik(per.)<br>0 | Regnskap<br>2012 | Per.b(end)<br>2012 | Avvik(per.)<br>0 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 10 | LØNN OG SOSIALE KOSTNADER | 5 674 358 | 5 897 230 | -222 872 | 5 853 795 | 5 829 178 | 24 617 |
| 11 | KJØP AV VARER/TJENESTER SOM | 2 361 501 | 2 346 000 | 15 501 | 2 693 751 | 2 770 666 | -76 915 |
| 13 | KJØP AV TJENESTER SOM ERSTAT | 2 692 001 | 5 129 917 | -2 437 915 | 2 975 050 | 3 303 333 | -328 284 |
| 14 | OVERFØRINGSUTGIFTER | 386 308 | 6 482 667 | -6 096 359 | 369 480 | 3 136 333 | -2 766 853 |
| 15 | FINANSUTGIFTER | 6 832 568 | 7 110 000 | -277 432 | 11 145 773 | 8 200 900 | 2 944 873 |
| | **Sum utgifter** | **17 946 736** | **26 965 812** | **-9 019 077** | **23 037 848** | **23 240 411** | **-202 563** |
| | | | | | | | |
| 16 | SALGSINNTEKTER | -308 455 | -218 000 | -90 455 | -105 468 | -209 333 | 103 865 |
| 17 | REFUSJONER | -3 577 262 | -3 967 667 | 390 404 | -2 598 132 | -3 406 000 | 807 868 |
| 18 | OVERFØRINGSINNTEKTER | -93 759 223 | -92 967 333 | -791 889 | -88 222 169 | -89 035 433 | 813 264 |
| 19 | FINANSINNTEKTER OG FINANSIE | -7 557 159 | -8 108 667 | 551 508 | -12 122 223 | -8 960 233 | -3 161 990 |
| | **Sum inntekter** | **-105 202 099** | **-105 261 667** | **59 568** | **-103 047 993** | **-101 611 000** | **-1 436 993** |
| | | | | | | | |
| | **T O T A L T** | **-87 255 363** | **-78 295 854** | **-8 959 509** | **-80 010 144** | **-78 370 589** | **-1 639 555** |

Kostnadsgruppene 10, 11 er i tråd med budsjett. Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon

(gruppe 13) viser eit mindreforbruk på kr. 2,4 mill. Dette skuldast periodisering slik at forbruket reelt sett ser i tråd med budsjett. **Overføringsutgifter** (gruppe 14) viser eit mindreforbruk på kr. 6 mill. i tabell over, men dette skuldast også periodisering (formannskapets disposisjonskonto og pensjonskostnad). Finansutgifter viser eit mindreforbruk på kr. 277 432, men vil for året koma noko høgare enn budsjettet.

Inntektssida er i stor grad i tråd med budsjettet. Det er grunn til å forvente at sum skatt og ramme vil gi 1,5 mill. meir enn budsjettet pga. betre skatteinngang.

## KULTUR OG OPPVEKSTETATEN

| | Kultur og oppvekst 2. tertial | Regnskap 2013 | Per.b(end) 2013 | Avvik(per.) 0 | Regnskap 2012 | Per.b(end) 2012 | Avvik(per.) 0 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | |
| 10 | LØNN OG SOSIALE KOSTNADER | 32 294 206 | 30 153 378 | 2 140 828 | 30 196 907 | 28 152 998 | 2 043 909 |
| 11 | KJØP AV VARER/TJENESTER SOM IN | 3 907 721 | 3 448 000 | 459 721 | 3 660 848 | 3 468 666 | 192 181 |
| 13 | KJØP AV TJENESTER SOM ERSTATTE | 788 584 | 1 049 083 | -260 499 | 754 568 | 1 252 000 | -497 432 |
| 14 | OVERFØRINGSUTGIFTER | 1 551 607 | 1 135 167 | 416 440 | 1 947 780 | 1 572 333 | 375 447 |
| 15 | FINANSUTGIFTER | 491 | 0 | 491 | 0 | 0 | 0 |
| | **Sum utgifter** | 38 542 609 | 35 785 628 | 2 756 981 | 36 560 103 | 34 445 998 | 2 114 105 |
| | | | | | | | |
| 16 | SALGSINNTEKTER | -3 381 947 | -2 619 333 | -762 614 | -3 252 937 | -2 422 000 | -830 937 |
| 17 | REFUSJONER | -4 058 102 | -814 833 | -3 243 269 | -3 494 266 | -1 850 000 | -1 644 266 |
| 18 | OVERFØRINGSINNTEKTER | -243 825 | 0 | -243 825 | -80 836 | 0 | -80 836 |
| 19 | FINANSINNTEKTER OG FINANSIERI | 0 | 0 | 0 | 0 | -705 333 | 705 333 |
| | **Sum inntekter** | -7 683 874 | -3 434 167 | -4 249 708 | -6 828 039 | -4 977 333 | -1 850 706 |
| | | | | | | | |
| | **Sum gruppeansvar** | 30 858 735 | 32 351 461 | -1 492 727 | 29 732 064 | 29 468 665 | 263 399 |

Kultur- og oppvekst består av resultateiningane Kultur- og oppvekstsjef, Rektor Hemsedal barne- og ungdomskule, Rektor Tuv skule, Styrar Tuv barnehage, Rektor Ulsåk skule, Styrar Ulsåk barnehage, Rektor musikk- og kulturskula og Folkebiblioteket.

Resultatet for Kultur- og oppvekstsektoren pr. 2. tertial viser eit netto avvik på – 1 492 727 kr for sektoren.

Artsgruppe 17: Periodisk budsjett skal vera -2 155 333kr og avviket -1 902 769kr.
På grunn av periodiseringsfeil er også utgiftene til DNK og skuleskyss vera høgare ca. 184 000 kr. høgare.
Samla er det eit overforbruk på ca. 50 000 kr i sektoren.

Endring frå 1. til 2. tertial 2013: Vi har fått ein kostnadsauke grunna refusjonskrav frå ein kommune. Fram til no har vi betalt ut 220 000 kr. Vi reknar med ytterlegare 200 000 kr for 3. tertial. Dette er eit tiltak vi må leggje inn i budsjettet for 2014.

# HELSE- OG OMSORGSETATEN

| | Helse og omsorg 2. tertial | Regnskap 2013 | Per.b(end) 2013 | Avvik(per.) 0 | Regnskap 2012 | Per.b(end) 2012 | Avvik(per.) 0 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | |
| 10 | LØNN OG SOSIALE KOSTNADI | 28 027 456 | 24 875 282 | 3 152 174 | 23 167 654 | 23 256 136 | -88 482 |
| 11 | KJØP AV VARER/TJENESTER S | 2 410 506 | 2 714 667 | -304 161 | 2 401 912 | 2 582 000 | -180 088 |
| 13 | KJØP AV TJENESTER SOM ERS | 8 708 330 | 10 856 250 | -2 147 920 | 6 291 923 | 6 280 667 | 11 256 |
| 14 | OVERFØRINGSUTGIFTER | 2 112 438 | 1 648 667 | 463 772 | 3 359 436 | 2 589 333 | 770 102 |
| 15 | FINANSUTGIFTER | 0 | 0 | 0 | 3 817 | 0 | 3 817 |
| | **Sum utgifter** | **41 258 731** | **40 094 866** | **1 163 865** | **35 224 742** | **34 708 136** | **516 606** |
| | | | | | | | |
| 16 | SALGSINNTEKTER | -2 601 852 | -2 508 000 | -93 852 | -2 236 768 | -2 354 667 | 117 899 |
| 17 | REFUSJONER | -2 997 284 | -4 710 667 | 1 713 383 | -1 831 513 | -2 966 000 | 1 134 487 |
| 18 | OVERFØRINGSINNTEKTER | -3 350 | 0 | -3 350 | -18 365 | 0 | -18 365 |
| 19 | FINANSINNTEKTER OG FINAN | -2 000 | 0 | -2 000 | -2 100 | -166 667 | 164 567 |
| | **Sum inntekter** | **-5 604 486** | **-7 218 667** | **1 614 181** | **-4 088 745** | **-5 487 333** | **1 398 588** |
| | | | | | | | |
| | **Sum gruppeansv.: 30 Helse o** | **35 654 245** | **32 876 199** | **2 778 045** | **31 135 997** | **29 220 803** | **1 915 194** |

Det er utbetalt meir i **løn og sosiale kostnadar** enn budsjettert også når ein tek omsyn til sjukelønsrefusjon og fødselspengar på kr 2,250 mill. Det er spesielt innan sjukeheim og heimetenester overforbruket er stort. Det er 3 områder det har vore overforbruk.

| | |
|---|---|
| Overtid | 690 000 |
| Regulativbestemte tillegg | 350 000 |
| Ferievikar, ekstrahjelp m.v | 500 000 |
| Pensjon og arbeidsgjevaravgift | 640 000 |

Sjukefråværet har vore ein god del høgare enn tidlegare år, og det er fleire som har hatt gradert sjukemelding. Når mange er borte over kort tid har det i periodar blitt utbetalt overtid for å sikre fagdekking. Det har og i periodar vore vakansar i sjukepleiar på natt og då blir det betalt ut overtid for bakvakt. Frå september er det full sjukepleiardekking. Det blir vurdert å gå med redusert bemanning og fordeling av oppgåver på tvers av institusjon og heimeteneste. Ved forskyving av vakt blir det og betalt ut overtid, men det reduserer behovet for å betale løn til vikar. Det er blitt ein større variasjon i behovet for tenester og det må takast omsyn til å sikre fagleg forsvarlege tenester når det blir vurdert behovet for bemanning på vakt.

Hovudårsaken til overforbruk regulativbestemte tillegg er at det har vore ei underbudsjetttering i høve til ressurskrevjande brukarar. Det er eit overforbruk på løn og sosiale kostnader på ressurskrevjande brukarar pr. 2. tertial på ca. 500 000. Kommunen vil få dekka 80 % av dette gjennom refusjon for ressurskrevjande brukarar.

Det er og eit overforbruk på 640 000 kr i pensjon og arbeidsgjevaravgift. Frå juni må kommunen betale pensjon for all inntekt. I Helse og omsorg er det mange små stillingar i tillegg til bruk av vikarar. Pensjonskostnadene vil bli større. Det er eit anslag at det vil vere ca. kr 650 000 på årsbasis.

I budsjett og økonomiplan for 2013-2016 vart lønsbudsjettet redusert tilsvarande 1 årsverk. Dersom behovet for tenester fortsett å auke vil reduksjon i årsverk bli vanskeleg å gjennomføre permanent utan at ein må ha ein

gjennomgang på kvaliteten på tenestene.

Når det gjeld kjøp av varer og tenester som **erstattar kommunal produksjon** er det eit underforbruk pr 2. tertial. Dette kjem i all hovudsak at det er utgiftsført refusjonskrav pr. 1. halvår for vertskommunesamarbeid NAV Gol og Hemsedal og Hallingdal barnevern. Ut i frå det som er rekneskapsført 1. halvår 2013 ser det ut til at desse tenestene blir som budsjettert.

Overforbruk på **overføringsutgifter** er forutan momskompensasjon ei underbudsjettering til Hallingdal krisesenter kr 130 000 for i år. Det er budsjettert med overføring til medfinanisering av spesialisthelseteneste og utskrivingsklare pasientar med 1.97 mill kr. Pr 2. tertial er det innbetalt kr 1,357 mill. Reelle tal til medfinansiering pr. 2. tertial er kr 1,469 mill kr. Det vil seie at alt all reservert løyving blir brukt til å dekke kostnader til medfinansiering. Det har ikkje vore kostnader til utskrivingsklare pasientar.

**Salsinntekter** ser ut til å bli om lag som budsjettert.

Avviket når det gjeld **refusjonar gjeld** i hovudsak refusjon for ressurskrevjande brukarar som først blir inntektsført ved rekneskapsavslutting. Refusjonar som ikkje er budsjettert, men inntektsført i år er sjukeløn og fødselsrefusjon på kr kr. 1,047 mil: Helse og omsorgsetaten har i tillegg fått prosjektmidlar/øyremerka tilskott til utdanning på ca. kr 400 000 og kr. 250 000 prosjekt 24- timars barnet. Mesteparten av dette vil dekke lønskostnader, i all hovudsak innleige av vikar, samt kjøp av konsulenttenester.

## TEKNISK ETAT

| | Teknisk<br>2. tertial | Regnskap<br>2013 | Per.b(end)<br>2013 | Avvik(per.)<br>0 | Regnskap<br>2012 | Per.b(end)<br>2012 | Avvik(per.)<br>0 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | |
| 10 | LØNN OG SOSIALE KOSTNADER | 11 599 322 | 11 759 412 | -160 090 | 10 813 545 | 11 107 493 | -293 948 |
| 11 | KJØP AV VARER/TJENESTER SOM | 7 329 167 | 9 061 000 | -1 731 833 | 6 740 693 | 8 522 334 | -1 781 641 |
| 13 | KJØP AV TJENESTER SOM ERSTAT | 5 553 612 | 5 391 833 | 161 778 | 4 759 583 | 4 941 334 | -181 750 |
| 14 | OVERFØRINGSUTGIFTER | 3 054 589 | 1 764 000 | 1 290 589 | 3 543 659 | 1 558 000 | 1 985 659 |
| 15 | FINANSUTGIFTER | 252 | 2 656 000 | -2 655 748 | 1 500 000 | 1 656 000 | -156 000 |
| | **Sum utgifter** | **27 536 942** | **30 632 246** | **-3 095 304** | **27 357 479** | **27 785 160** | **-427 681** |
| | | | | | | | |
| 16 | SALGSINNTEKTER | -10 328 245 | -9 055 734 | -1 272 512 | -8 684 727 | -12 386 000 | 3 701 273 |
| 17 | REFUSJONER | -299 210 | -383 500 | 84 290 | -803 088 | -164 000 | -639 087 |
| 18 | OVERFØRINGSINNTEKTER | -25 135 | -1 672 000 | 1 646 865 | -25 135 | -1 671 333 | 1 646 198 |
| 19 | FINANSINNTEKTER OG FINANSIE | -569 | -1 500 000 | 1 499 431 | -1 500 569 | -3 491 000 | 1 990 431 |
| | **Sum inntekter** | **-10 653 159** | **-12 611 234** | **1 958 075** | **-11 013 518** | **-17 712 334** | **6 698 815** |
| | | | | | | | |
| | **Sum gruppeansv.: 50 Teknisk** | **16 883 783** | **18 021 013** | **-1 137 230** | **16 343 961** | **10 072 827** | **6 271 134** |

Tabellen over viser resultat for Teknisk etat akkumulert pr. andre tertial. Dette resultatet består av resultateiningane 3010 Teknisk sjef, 3100 Eigedom, 3200 Teknisk drift og 3400 Landbruk og Næring.

**Løn og sosiale kostnadar** følgjer budsjett.

På kostnadsgruppene **kjøp av varer og tenester** (gruppe 11) kan nemnast at noko av underforbruket skuldast periodisering av tiltak som skal gjennomførast på eigedom. Anbod for vintervedlikehald av kommunale vegar og plassar for perioda 2013/2014 – 2016/2017 vert ei større kostnadsauke. Kostnadsauken skuldas delvis strengare krav til utføring, innføring av sanksjonsmoglegheiter ovanfor entreprenør dersom arbeidet ikkje vert utført i samsvar med gjeldane instruks, og noko auka arealmengde (Kjettingplass/ renovasjon). I tillegg vert det, som varsla i fyste tertial, heller ikkje teke høgde for at momsfritaket for veg og bane fall bort i 2013. Det vert budsjettert med eit overforbruk på kr 860 000 for 2013. Av dette utgjer ca. kr. 400 000 mva som vert refundert og som såleis ikkje får nokon direkte negativ innverknad på botnlinja.

Når det gjeld **«Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon» har** Hallingdal Renovasjon IKS også i år vedtatt revidert budsjett for 2013 kor utgiftene til kommunen er auka med ca. 24 % mot opphavleg budsjett. Dette inneberer ein kostnadssprekk på om lag kr. 800 000,-. Dette gir ein dekningsgrad på ca. 84 % og ein negativt utgåande fondsbalanse på ca. 950 000. Sidan me ikkje har midlar avsett på fond vil overforbruket ha direkte negativ innverknad på botnlinja i rekneskapen for 2013. Som varsla i 1. tertial er avrekning for slam frå kommunale reinseanlegg og private reinseanlegg i 2012 ført i 2013. Dette fører til eit overforbruk i forhold til budsjett innanfor teneste 3501. Sidan vi ikkje har midlar avsett på fond vil overforbruket ha direkte negativ innverknad på botnlinja i rekneskapen for 2013.

For å møte desse utfordringane må kommunen dekke inn att underskotet på renovasjon i løpet av ein 5 års periode. Dette betyr at vi i 2014-2017 må auke inntekta som vist i tabellen under:

| Gebyrinntekter Renovasjon | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | Fordeling 2012 - 2017 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 16400 Kommunale årsgebyr | 3 666 698 | 3 980 000 | 4 708 005 | 5 339 932 | 5 469 130 | 5 601 947 | 100,0 % |
| **Sum gebyrinntekter** | **3 666 698** | **3 980 000** | **4 708 005** | **5 339 932** | **5 469 130** | **5 601 947** | **100,0 %** |
| *Årlig endring* | | *8,5 %* | *18,3 %* | *13,4 %* | *2,4 %* | *2,4 %* | |

Basert på tabellen over må renovasjonsgebyret aukast med ca. 13,7 %.

**Overføringsutgifter** skuldast i hovudsak moms og fondsbruk. Avvik kjem fram grunna periodisering.  Utover desse merknadane er det ikkje større avvik å melde.

**Salsinntekter** i form av kommunale årsgebyr for vatn, avløp ligg noko over budsjett. Tilknytingsavgifter er som forventa låge pr. 2.tertial, og med bakgrunn i liten byggeaktivitet ligg det ikkje ann til å nå budsjett. Likevel ligg dei kommunale årsgebyra såpass mykje høgare enn budsjett at dette kompenserer for nedgangen i tilknytingsgebyr.

**Finansinntekter og finanstransaksjonar** vert ført i siste tertial.

## PERSONELL




| | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sep | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2010 | 4,75 | 5,28 | 4,59 | 5,40 | 4,51 | 4,29 | 3,87 | 3,20 | 4,33 | 3,87 | 5,78 | 6,49 |
| 2011 | 8,29 | 6,51 | 7,02 | 8,16 | 8,26 | 6,83 | 5,15 | 4,00 | 6,64 | 6,47 | 5,68 | 5,76 |
| 2012 | 6,97 | 7,28 | 7,96 | 5,90 | 7,13 | 6,97 | 5,31 | 4,40 | 6,61 | 5,49 | 6,88 | 8,10 |
| 2013 | 11,26 | 7,41 | 6,65 | 6,51 | 6,27 | 5,95 | 4,61 | 3,14 | | | | |

Tabellen over viser sjukefråværet pr. månad frå 2010 og fram til 2. tertial 2013. Kommunen har hatt eit historisk høgt sjukefråvær i desember 2012 og januar 2013. Dette skuldast i stor grad influensa og omgangssjuke og fylgjer trenden for landet. Trenden i 2. tertial er at sjukefråværet fylgjer den naturlege sesongvariasjonen og at fråværet er litt lågare enn i 2012. For andre tertial manglar nokon få einingar i talmaterialet, men dette vil ikkje gjera stort utslag for heile kommunen. Gjennomsnittleg sjukefråvær så langt i år er 6,48%

# INVESTERINGSBUDSJETTET

## Generelle kommentarer:

Tabellen under viser investeringsrekneskap pr. 2. tertial 2013 og investeringsbudsjett for 2013 inkl. endringar gjort gjennom budsjettrevisjon og øvrige vedtak. Samla sett syner prognosen pr. 2 tertial at totalramma ikkje vert overskriden.

## Oversyn over investeringar pr. 2 tertial 2013

**Gjennomføres som planlagt innanfor planlagt/vedtatt kostnadsramme**
**Usikkerhet i forhold til gjennomføring og/eller kostnadar (sjå kommentar)**
**Avvik (sjå kommentar)**

| P. nr | Prosjekt navn | Regnskap13 pr 2. tertial | Budsjett inkl. endring13 | Restløyving frå tidlegare år | Prognose regnskap pr 31.12.13 | Avvik |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 18 | Det digitale Hallingdal | 448 754 | 684 000 | - | 684 000 | |
| 31 | Kjøp/salg av aksjer | 1 330 359 | 1 316 000 | - | 1 330 359 | |
| 35 | Bygdaheimen, omb.kortidsplassar,kontor og kapell mm | 151 811 | 226 240 | - | 226 240 | |
| 43 | Helselagshuset - kjøkken (2013) | 10 025 | 150 000 | - | 150 000 | |
| 49 | Tiltak trafikktryggleiksplan | 18 859 | 280 000 | - | 280 000 | |
| 67 | Gangveg Moen Bru | 423 674 | 2 487 000 | - | 2 487 000 | |
| 95 | Miljøprioritert gjennomkjøring RV52 | 150 899 | 912 000 | 1 674 098 | 500 000 | |
| 109 | Oppgradere mannskap og utstyr ihht krav om akkreditert prøvetaking | 37 862 | 50 000 | 19 163 | 70 000 | |
| 122 | Kultursal | 696 072 | 2 200 000 | - | 2 200 000 | |
| 124 | BioBooster | 1 175 184 | 1 190 000 | 167 798 | 1 243 558 | |
| 132 | Sikring av Krikken vannverk | 0 | 300 000 | - | 300 000 | |
| 143 | Utbygging Trøim Sør | 124 644 | 6 768 000 | - | 5 000 000 | |
| 149 | Utbygging Svøo III | 867 711 | 0 | 3 762 230 | 2 600 000 | |
| 151 | VA ledning Bruhaug-Trøim | 2 644 321 | 4 800 000 | - | 4 000 000 | |
| 158 | Ballbinge Tuv Oppvekstsenter | 125 693 | 45 000 | - | 10 860 | |
| 160 | Rehabilitering av ledningsnett (Ulsåk) | 0 | 300 000 | - | 0 | |
| 201 | Etablering av Kyrkjegarden | 0 | 100 000 | - | 0 | |
| 205 | Mølla (nytt taktekke + beising) | 156 100 | 150 000 | - | 156 100 | |
| 208 | Tak garderobebygget | 101 967 | 300 000 | - | 300 000 | |
| 210 | Veglys lykkjavegen | 0 | 150 000 | - | 0 | |
| 211 | Bustadfelt Tuv - asfaltering og 2 fartsdumper | 0 | 300 000 | - | 100 000 | |
| 220 | Nytt røntgenutstyr/pasientsignal - legesenteret (Brann og varslingsan | 375 000 | 550 000 | - | 550 000 | |
| 221 | Oppgradere utleigebustader | 0 | 200 000 | - | 200 000 | |
| | Strupa hyttefelt AS | | 100 000 | - | 100 000 | |
| | Avkøyring - tiltak Svøo Industriområde | | 100 000 | - | 100 000 | |
| 222 | Tiltak Holdebakken | 234 593 | 1 470 000 | - | 1 470 000 | |
| 226 | Svøo I I Fartshumper | 0 | 130 000 | - | 162 150 | |
| | **SUM** | **9 073 526** | **25 258 240** | **5 623 289** | **24 220 267** | |

## Kommentarar til avvika

### Prosjekt 49: Trafikktryggleiksplan

Omfattar arbeid med Evjen bru på Tuv. Deler av tiltaket gjennomført. Det er mellom anna lagt nytt dekke på brua. Etablering av nytt rekkverk har vært lyst ut, men ingen har lagt inn pris på arbeidet. Ny utlysning er underveis og forhåpentlegvis vert arbeidet gjennomført i løpet av vinteren.

### Prosjekt 95: Miljøprioritert gjennomkjøring

Vesentlege forseinkingar i arbeidet. Arbeidet med opparbeiding av parkering utanfor kommunehuset vert ikkje utført før i 2014. Restløyving pr. 31.12.13 må difor overførast til 2014.

### Prosjekt 109: Akkreditert prøvetaking

Vesentlege forseinkingar i arbeidet. Skulle vore ferdig i 2012, men diverse vanskar med tekniske utfordringar har gjort at arbeidet har vorte forseinka, men det er forventa at arbeidet vert avslutta i løpet av 2013.

## Prosjekt 124

Prosjektet er noko forsinka i forhold til opphavleg plan, men det er ikkje forventa budsjettoverskridingar. Prosjektet (gjeld investeringsfasen) vert avslutta i løpet av 2013.

## Prosjekt 149: Svøo III

Vesentleg forsinka, men er no ferdigstilt innanfor avsett ramme (restløyving frå tidlegare år).

## Prosjekt 160: Rehabilitering av leidningsnett på Ulsåk

Grunna kapasitet vert det ikkje gjennomført tiltak på leidningsnettet på Ulsåk i 2013. Tiltaket utgår og innarbeidast på nytt i økonomiplan for 2014-2017.

## Prosjekt 210: Veglys Lykkjavegen

Tiltaket utgår da dette truleg må dekkast inn via driftsbudsjettet.

# BALANSEN PR. 23. MAI 2013

| | Regnskap 2013 | Regnskap 2012 |
|---|---|---|
| **EIENDELER** | | |
| **Anleggsmidler** | **410.426.696,45** | **409.535.587,45** |
| Herav: | | |
| Faste eiendommer og anlegg | 248.726.842,47 | 248.726.842,47 |
| Utstyr, maskiner og transportmidler | 4.420.023,10 | 4.420.023,10 |
| Utlån | 5.837.279,88 | 5.592.448,88 |
| Konserninterne langsiktige fordringer | 0,00 | 0,00 |
| Aksjer og andeler | 4.293.909,00 | 3.647.631,00 |
| Pensjonsmidler | 147.148.642,00 | 147.148.642,00 |
| **Omløpsmidler** | **66.923.582,84** | **74.206.182,77** |
| Herav: | | |
| Kortsiktige fordringer | 11.891.526,82 | 15.420.645,50 |
| Konterninterne kortsiktige fordringer | 0,00 | 0,00 |
| Premieavvik | 10.183.086,52 | 10.183.086,52 |
| Aksjer og andeler | 0,00 | 0,00 |
| Sertifikater | 0,00 | 0,00 |
| Obligasjoner | 0,00 | 0,00 |
| Kasse, postgiro, bankinnskudd | 44.848.969,50 | 48.602.450,75 |
| **SUM EIENDELER** | **477.350.279,29** | **483.741.770,22** |
| **EGENKAPITAL OG GJELD** | | |
| **Egenkapital** | **121.459.287,60** | **116.390.661,93** |
| Herav: | | |
| Disposisjonsfond | 12.104.237,85 | 12.104.237,85 |
| Bundne driftsfond | 8.369.791,76 | 8.369.791,76 |
| Ubundne investeringsfond | 3.206.061,84 | 3.206.061,84 |
| Bundne investeringsfond | 2.671.463,83 | 2.671.463,83 |
| Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Drift | 0,00 | 0,00 |
| Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK Invest | -2.486.119,35 | -2.486.119,35 |
| Regnskapsmessig mindreforbruk | 4.214.585,94 | 4.214.585,94 |
| Regnskapsmessig merforbruk | 0,00 | 0,00 |
| Udisponert i inv.regnskap | 0,00 | 0,00 |
| Udekket i inv.regnskap | -170.669,04 | -170.669,04 |
| Likviditetsreserve | 0,00 | 0,00 |
| Kapitalkonto | 93.549.934,77 | 88.481.309,10 |
| **Langsiktig gjeld** | **344.520.635,09** | **331.698.151,76** |
| Herav: | | |
| Pensjonsforpliktelser | 190.721.290,45 | 190.721.290,45 |
| Ihendehaverobligasjonslån | 0,00 | 0,00 |
| Sertifikatlån | 0,00 | 0,00 |
| Andre lån | 153.799.344,64 | 140.976.861,31 |
| Konsernintern langsiktig gjeld | 0,00 | 0,00 |
| **Kortsiktig gjeld** | **18.663.815,50** | **35.652.956,53** |
| Herav: | | |
| Kassekredittlån | 0,00 | 0,00 |
| Annen kortsiktig gjeld | 16.981.084,63 | 33.970.225,66 |
| Konsernintern kortsiktig gjeld | 0,00 | 0,00 |
| Premieavvik | 1.682.730,87 | 1.682.730,87 |
| **SUM EGENKAPITAL OG GJELD** | **484.643.738,19** | **483.741.770,22** |
| **MEMORIAKONTI** | | |
| Memoriakonto | 26.773.337,41 | 9.773.337,41 |
| Herav: | | |
| Ubrukte lånemidler | 27.643.873,41 | 10.643.873,41 |
| Ubrukte konserninterne lånemidler | 0,00 | 0,00 |
| Andre memoriakonti | -870.536,00 | -870.536,00 |
| Motkonto for memoriakontiene | -26.773.337,41 | -9.773.337,41 |